


Skalden frå Sæheim

Me har tidlegare peika på at heimbygda stod Johs. M.L. Rydland sitt hjarta nær. Og kva var vel ikkje meir naturleg enn at hans eigen heim høgt der oppe under skogbrynet, stod for han i tankane når han på lange og slitsame ferder måtte vera borte frå heimen?

Det var i 1933 at han saman med kona si Hilda fekk eit stykke å dyrka og ein plass å byggja heimen sin på. Her hadde han utsyn som forslo. Men ei skral predikantløn, og vanskelege trettiår, gjorde det ikkje alltid så lyst.

Men kanskje strevet og vanskane gjorde denne luten av verda *enno* meir kjær for han. I diktet «Høgtun» merkar me den varme kjærleiken til den vesle flekken han kan kalla sin. Kanhenda har me nokon kvar eit «Høgtun»? Då skulle me kjenna oss att i dette kjensleware diktet.



Det er huset til høgre på biletet som vart heimen til Johs. M.L. Rydland frå 1933. Her oppe frå brattlendet er utsynet over Seimsfjorden og gardane kring storfelt.

Høgtun! Du flekk innved Husfjellsbarmen

A. kor Du hugen min dreg ---.

Når eg vert trøytt utav verdsenslarmen

lengtar eg heimatt til deg.

Vesle böt utav heimegrenda

— haugut og hengjande bratt —

Om Du for andre er ring — kanhenda —

er Du min dyraste skatt!

Høgtun! Du er ingi vidsveimt rike.

— Berre på tie mål jord.

Likevel aldri eg finn din like

korkje i sud eller nord.

Om du ligg høgt og er vrang å vyrka

— utan ein flate ell' myr. —

Greider eg eingong'få opp Deg dyrka

kan eg vel føda ei kjyr.

Høgtun ! Med utsyn til fjelli og fjorden

ligg du so høgt og so fritt!

Tenk, når eg eingong får bringa i orden

husi og heimtunet mitt!

Rulla vekk stein og ein hage meg ryddja —

Planta meg buskor og tre —

Herren må væra mi verja og tryggja —

so eg fær bu der i fred.

Høgtun! Eg må og ein åker meg rydja.

— Ganske på gardbrukarvis.

Seinare lyt eg eit uthus få byggja

åt nokre høns og ein gris.

Trutt eg arbeider med planar om brunnen

— Vats-spring på kjøkene inn —

Høgtun! Med utsyn frå bergfaste grunnen

A. kor Du leikar i sinn!

Høgtun! Du stad som meg Gud hev gjeve
— Der eg fekk byggja min heim —.

Herre, min Gud! Vil Du signa stræve
på denne flekken i Seim?

Lyft dine mektige, verjande hender
over mi kona og born!

Signa kvar torva til åker me vender!

Drep kvar ein tistel og torn!

Johs. M. L. Rydland